

Møtebok
frå
utdanningsutvalet

Møtestad: AR 401 og Teams
Tid: 23.09.2020 kl. 10:00 – 13:00

Fylgjande faste medlemer møtte:

Astrid Birgitte Eggen
Alva Amalie Eide
Simen Hagen Ekeberg
Elisabeth Enoksen
Rune Giske
Lizelle Haugland
Anne Helliesen
Jan Terje Kvaløy
Aslaug Mikkelsen
Björg Frøysland Oftedal
Brita Strand Rangnes
Leith Symington
Winusan Wijayaseelan

Fylgjande faste medlemer hadde meldt forfall:

Marianne Skogerbø
Olav Magne Sydnes

Fylgjande varamedlemer møtte:

Hallgeir Bø
Øystein Lund Bø

Fylgjande observatørar møtte:

Gitte Kolstrup
Frode Leidland

Frå administrasjonen møtte:

Veslemøy Hagen, Stig Selmer-Anderssen og Eilef J. Gard

Møtet vart leia av Astrid Birgitte Eggen.

Referat: Utdanningsutvalet, 23.09.2020

Saksnr.	Innhold	U.off.	Arkivnr.
UU 20/20	Godkjenning av innkalling		
UU 21/20	Godkjenning av møtebok 20. mai 2020		19/07149-22
UU 22/20	Kvalitet i studieprogram, akkreditering, namneendring og nedleggjing av studier		20/03355-11
UU 23/20	Fastsetjing av undervisningsterminar 2021 - 2022		15/05234-7
UU 24/20	Kvalitet i studieportefølje, studieplasser 2021 - 2022		19/02372-13
UU 25/20	Justering av møteplan, nytt møte i oktober		19/07149-19
UU 26/20	Eventuelt		
UU KU 15/20	Informasjon fra prorektor		20/10600-1
UU KU 16/20	Møteplan for 2021 for utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet		19/07149-18
UU KU 17/20	Utdannings- og læringsmiljøprisen 2020		20/01230-8
UU KU 18/20	Kvalitetssystem for utdanning 2020		Ikkje i P360
UU KU 19/20	ECIU University		20/10416-1
UU KU 20/20	Andre orienteringer		20/10602-1

UU 20/20 Godkjenning av innkalling

Der var ingen merknader til innkallinga.

Vedtak:

Innkallinga er godkjend.

UU 21/20 Godkjenning av møtebok 20. mai 2020

Eitt av utvalsmedlemene hadde fylgjande kommentarar til sak 13/20:

- Fyrste strekpunkt bør lyda: «Eitt av utvalsmedlemene ville også ha med i § 2-2 at for å få ein grad ved UiS skal 60 stp skal avleggjast ved institusjonen.»
- Siste setning i siste strekpunkt skal vera: «Me ynskjer ikkje å ha bachelorprogram som ikkje inneheld vitskapshistorie.»

Vedtak:

Møteboka er godkjend med dei endringsforslaga som kom fram i møtet.

UU 22/20 Kvalitet i studieprogram, akkreditering, namneendring og nedleggjing av studier

Utvalseiar innleia. Dette er ei av to store saker i dette møtet. Ho føreslo å gå gjennom saka program for program.

Akkreditering av bachelorprogram i byplanlegging og samfunnssikkerhet.

Utdanningsdirektøren innleia kort og viste til saksframlegget.

Utvalseiar forklarte korleis studiet skal finansierast.

Ein av studentrepresentantane spurde kva som skjer med spesialiseringa i samfunnssikkerhet.

Administrativ representant, som kjem frå Det samfunnsvitskaplege fakultetet, svara at fakultetet har gått bort frå omgrepet spesialisering, men at studentar framleis kan velja samfunnssikkerhet.

Utvalet berømna eit program som er fagleg tverrgående.

Akkreditering av bachelorprogram i toll, vareførsel og grensekontroll

Utdanningsdirektøren orienterte. Programmet er hovudsakleg etalert for å dekkja Tolletaten sitt behov for kandidatar.

Utvalseiaren la til at det står i saksframlegget at samarbeidsavtalen ikkje er signert, men er ferdigforhandla. Denne skal signerast i eigen seremoni i oktober. Ho la til at det kan koma fleire slike oppdrag til UiS.

Kommentarar frå utvalet:

- Det er kjempespennande med begge desse studieprogramma. Det er ei fjør i hatten for UiS at Tolletaten legg studiet hit.
- Det kan vera problematisk å leggja metodeemnet til utvekslingssemesteret. Kor mange studentar kan sendast til Griffith? Denne avtalen er lagt til forrige program også.

- Læringsutbytte 1 i generell kompetanse bør endrast. Dette er meir knytta til det som skjer i programmet, ikkje det som skal vera læringsutbyttet.

Utvalseiar oppsummerte: Det bør lagast avtalar med fleire universitet, også i Europa. Det som ligg føre nå er tilstrekkeleg for akkreditering, men det trengs fleire avtalar for at det skal vera eit reelt tilbod om utveksling. Kommentaren om læringsutbytte fylgjer saka tilbake til fakultetet.

Namneendringar

Utdanningsdirektøren orienterte.

Utvalet hadde ingen kommentarar til namnendringane.

Akkreditering av masterprogram i forretningsjus

Utdanningsdirektøren orienterte. Dette er eit fagområde som manglar i studietilboda i dag. Studieplassane vert tekne frå bachelorprogram i rettsvitenskap, i tråd med etableringsvedtaket for dette programmet.

Utvalseiar la til at det er eit viktig studium, også for bachelorstudentane. Det vert interessant å sjå om arbeidslivet vil verdsetja denne type grader.

Utvalet hadde elles fylgjande innspel og kommentarar:

- Vil der vera føringar for utveksling i studiet?
- Det vart svara frå fakultetet at slike retningslinjer vil verta utvikla. I starten må dette gjerast individuelt.
- Utvalseiar la til at individuell godkjenning ikkje må gjera det vanskelegare å velja utveksling.
- Me vedtek eit nytt masterprogram utan å ha laga ei utrekning av kostnader for ulike partnarar, t.d. kva det vil bety for universitetsbiblioteket.

Nedleggjing av Master's Programme in Religion, Culture and Society

Utdanningsdirektøren innleia. Grunnen til søknaden om nedleggjing har vore svak søknad til studiet.

Det vart spurt om det vart det gjort marknadsundersøkingar på førehand.

Prodekan for utdanning ved Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora svara at dei visste det ikkje ville bli mange søknader, men at der likevel var ein viss optimisme. Fagmiljøet er sterkt, men ein traff ikkje med dette tilbodet.

Vedtak:

Utdanningsutvalet akkrediterar fylgjande studier:

- a) Bachelorprogram i byplanlegging og samfunnssikkerhet (180 sp). Studiet gir grad og tittel bachelor i byplanlegging og samfunnssikkerhet. Engelsk namn er Bachelor's Programme in Urban Planning and Societal Safety.
- b) Bachelorprogram i toll, vareførsel og grensekontroll (180 sp). Studiet gir grad og tittel bachelor i toll, vareførsel og grensekontroll. Engelsk namn er Bachelor's Programme in Customs and Border Management.
- c) Masterprogram i forretningsjus (120 sp.). Studiet gir grad og tittel master i forretningsjus. Engelsk namn er Master's Programme in Business Law.
- d) Utdanningsutvalet tilrår styret å etablere desse studia med oppstart hausten 2021.

Utdanningsutvalet tilrår universitetsstyret å

- e) Endra namn på masterprogram i risikostyring og samfunnsikkerhet til Master's Programme in Risk Analysis (120 sp.). Norsk namn er masterprogram i Risk Analysis.
- f) Leggja ned masterprogram i risikostyring (120 sp.).
- g) Endra namn på femårig masterprogram i marin- og offshoreteknologi til femårig masterprogram i marin- og undervannsteknologi (300 sp.). Engelsk namn er Master's Programme in Marine and Subsea Technology.
- h) Endra namn på Teknologi og naturvitenskap – doktorgradsprogram, spesialisering petroleumsteknologi til Teknologi og naturvitenskap – doktorgradsprogram, spesialisering energiteknologi og geovitenskap. Engelsk namn på spesialiseringa er Energy Engineering and Geoscience.
- i) Endra namn på Teknologi og naturvitenskap – doktorgradsprogram, spesialisering offshoreteknologi til Teknologi og naturvitenskap – doktorgradsprogram, spesialisering offshoreteknologi, maskin og bygg. Engelsk namn på spesialiseringa er Offshore Technology, Mechanical and Structural Engineering.
- j) Leggja ned Master's Programme in Religion, Culture and Society.
- k) Endra namn på bachelorprogram i idrett til bachelorprogram i idrettsvitenskap. Engelsk namn er Bachelor's Programme in Sports Science.
- l) Endra namn på Master's Programme i Literacy Studies til Master's Programme in English and Literacy Studies. Norsk namn er Master i engelsk og Literacy Studies.

UU 23/20 Fastsetjing av undervisningsterminar 2021 - 2022

Utvalseiar innleia kort.

Ein av representantane for det vitenskaplege personalet merka at der er ulik lengde på haust- og vårsemesteret, og spurde om undervisningsperioden om hausten kan gjerast lenger.

Representanten for det administrative personalet ba om at det samtidig også vert gjort ei vurdering av grunnlag for og ressursbruk ved kontinuasjonseksamen.

Utdanningsdirektøren fylgjer opp desse innspela.

Prodekan for utdanning ved Det helsevitenskaplege fakultetet ga uttrykk for ynskje om at vedtaket kan formulerast slik at det blir mogeleg å starta ordinær undervisning tidlegare i haustsemesteret.

Utdanningsdirektøren føreslo at dekanen kan vurdere å starta undervisninga tidlegare. Slik framlegget til vedtak er formulert, gir det rom for fleksibilitet.

Vedtak:

a) Utdanningsutvalet fastset fylgjande undervisningsterminar for studieåret 2021 - 2022:

2021 haustsemesteret: måndag 16. august - tysdag 21. desember.

2022 vårsemesteret: måndag 3. januar - fredag 24. juni.

All undervisning og eksamen/prøve (jf. eksamensforskrifta) skal haldast innføre dette tidsrommet. Ulike typar prøvar eller forkurs og liknande, som er naudsynte for å begynna på undervisninga, kan gjennomførast før semesterstart. Slike tiltak skal vera omtalte i fag- og studieplanar og dessutan vera tydeleg annonserte.

Dekan kan vurdere å starta ordinær undervisning før offisiell studiestart.

Eksamenar, prøvar, oppgåver med meir, som er avlagde eller innleverde i perioden mellom 1. august og 31. desember og mellom 1. januar og 31. juli kjem fram på karakterutskrift/vitnemål som avlagde eller innleverde høvesvis i haustterminen eller vårterminen.

b) Utdanningsutvalet rår rektor til å fastsetja dato for offisiell semesteropning til måndag 16. august 2021.

UU 24/20 Kvalitet i studieportefølje, studieplasser 2021 - 2022

Utvalsleiar innleia. Dette er ei omfattande sak, som heile organisasjonen har arbeidd mykje med. Ho rosa fakulteta for det løftet som har vore gjort her. Fakulteta har hatt eit påtrykk for å sikra at den dokumentasjonen som nå vert lagd fram viser det faktiske kvalitetsarbeidet. Fakultetet for utøvande kunstfag har fått utsetjing, rapport skal liggja føre til styremøtet.

Omfanget av rapportane frå fakulteta er ulike, men det er greitt så lenge dei held seg innføre malen og svarar på det dei skal, inkludert vidareutdanningar.

Utvalsleiar ville også berømme sekretariatet. Det er ein stor jobb å gå gjennom og kvalitetssikra så mange rapportar. Styret si merksemd vil fyrst og framst liggja på samanfatingane.

Utdanningsdirektøren la til at dette er fyrste gongen ein har laga ein slik samanfattande kvalitetsrapport. I tillegg er det laga eit oversyn over studieplasser neste år. Utvalet tilrår styret å fastsetja studieplassene for neste år. Dette er institusjonen sin kvalitetsrapport i kombinasjon med sak om studieplasser.

Utvalet hadde kommentarar til opplysingane som oppfyllingsgrad i studia. Dårleg oppfylling gir inntektstap, men det er vanskeleg å seia kor stort dette er. Utvalsleiar konkluderte at institusjonen må bli meir konsistent på språkbruken og korleis ein tel. Dette er eit område som me må gå gjennom og gjera mykje meir konsistent.

Ein av studentrepresentantane ba utdanningsdirektøren trekkja fram studentmedverknad som eit sentralt poeng i rapporten side 2.

Utvalsleiar summerte opp diskusjonen med å konkludera at det til styrsaka må gjerast ei nasjonal samanlikning av opptakstal. Saka må innehalda ein gjennomgang av kva som ligg i våre tal. Det må gjerast greie for tiltak på institusjons- og fakultetsnivå. Deltids og fleksible studier må vera ein del av gjennomgangen.

Ho la til at det er lagt ved meir overordna data på institusjonsnivå. Det er fyrste gongen dette vert gjort. Ho oppfordra fakulteta til å gjera eigne analyser.

Det kom ei opplysing om eit innspel etter at saka vart skriven, om 30 plasser til årsstudiet i kommunikasjon.

Utvalsleiar la til at det er mogeleg å gje innspel til justeringar før saka går til styret. Rektor godkjenner og utdanningsutvalet blir orientert.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tilrår styret å gjera fylgjande vedtak:

1. Saka om Kvalitet i studieporteføljen vert teken til orientering.
2. Forslag til studieplasser i 2021 – 2022 vert fordelt slik det går fram av vedlagde tabell med endring som kom fram i møtet.
3. Det er behov for ein gjennomgang av UiS sin masterportefølje.
4. Rektor vert gitt anledning til å fordela nye studieplasser som eventuelt vert tildelte i statsbudsjettet 2021.
5. Rektor kan omdisponera studieplasser innføre totalramma dersom dette er nødvendig.

UU 25/20 Justering av møteplan, nytt møte i oktober

Utvalseiar orienterte kort om bakgrunnen for saka. Medisinsaka blir lagt fram for styret 22. oktober. Det er behov for eit eige møte i utdanningsutvalet. Det kan koma andre saker i tillegg.

Vedtak:

Utvalet vedtek justert møteplan for hausten 2020:

23. september kl 10.00 – 11.30

28. oktober kl 10.00 – 11.30

18. november kl 10.00 – 11.30

UU 26/20 Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.